

Gamal fabrikkbygning blir fjerna

22.10.2009



Bygningen som no blir fjerna har i mange år dominert strandlinja i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er eit skjemmaende hus midt i strandlinja. Det er grunnen til at vi no skal fjerna det. Det seier grunneigar Johan Sunde når Record fabrikkbygning no skal rivast. Det er familien Sunde som eig eigedomen og dei andre er Harald, Jan Henry og Johannes - alle med etternamnet Sunde.

Det er sendt nabovarsel om rivinga. Johan Sunde opplyser til Uskedalen.no at eigedomen er regulert både til bustader og fritidsbustader, men grunneigarane har førebels ikkje bestemt kva som skal skje på den rundt 60 meter lange tomta.

Det er ein viktig del av industrihistoria i Uskedalen som no blir fjerna. Vi les i boka "Sild i boks" av Ivar Vaage at Ivar Arnesen hjalp to av sønene, Sigurd og Hugo, i gong med kvar sin sildoljefabrikk i Beinavikjo. I 1908 bygde Sigurd "Uskedalen Sildolje- og Fodermelfabrik" og eitpar år seinere starta Hugo "Sildoljefabrikken Record".

Fabrikkane produserte sildemjøl og sildolje (tran) av sild og mussa og avfall frå hermetikkfabrikkane. Kvar fabrikk gav arbeid til om lag 10 personar.

Sigurd sin fabrikk raste på sjøen fordi dei hadde lossa for mykje sild på baksida av han. Hugo dreiv ei tid saman med Bartz-Johannesen og på 1930-talet var det jamn drift på denne fabrikk. Seinare vart han kjøpt av Bergen Preserving, som fjerna maskinane og brukte bygningen til lager. Seinare har han vore nytta som sjøhus.

Sildoljefabrikkane hadde ikkje minst ei stor tid under fyrste verdskrigen og framover.

Sildolja gjekk til margarinfabrikkar medan mjølet vart dyrefor. Mykje tran vart eksportert til Tyskland.

Ivar Vaage skriv at det lukta følt av dei som jobba med sildolja og at dette var ein utriveleg arbeidsplass. Silda rotna i bingane då det vart varmt og om sommaren aula det av flugemakk like opp i riksvegen.

Av Ola Matti Mathisen



Det er bygningsmassen på 122/12 som no skal fjernast.